



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mai 2017.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
52



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Eileen Brandad Hareide  
Visepres: Sverre Jarl Ulstein  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Bernhard Harkjerr  
Styremedlem: Vegard Gjerde  
Styremedlem: Bjørn Teigene  
Ansv.red.: Vigdis Riise  
Referent: Øystein Alme

---

---

## 17. Mai-song

Ver helse, dyre Minnedag,  
med Bod fraa Eidsvolls Salar,  
no raudnar tusund frie Flag  
kringum i Norigs Dalar;  
i By, ved blaae Fjord  
stig Lovsong øgt i Kor,  
i Hjarta Løgen brenn  
med Takk til hine Menn,  
som fremja Fridoms-verket!

Du Land i Nord med Snjo paa Fjell,  
som vænt i Nattsol drøymer,  
med Talarost i vaarljos Kveld,  
mot deg vaar Kjærleik strøymer;  
aa, gjev oss Kraft og Mod  
te staa, som Feder stod,  
med Truskaps Aand i Pakt  
i Fred, paa Grensevakt,  
ja, til vaart Norigs Æra!

Hans Reynolds (1920)

---

## Rotarymøtet måndag 8. mai 2017.

Program: Intercitymøte Herøy Rotaryklubb/ Runde Miljøsentier.

Oppmøte frå 1800-1830 med servering av kaffi og kaker.

Velkomsthelsing frå Presidenten i Herøy Rotaryklubb, Rolf Arne Klungsøyr som starta med å fortelje at det var 8 mai og 72 år sidan 2 verdenskrig slutta, at det var planlagt ein tur ut på fuglefjellet med omvisarar frå klubben om vergudane var på vår side og at oss hadde anledning til å besøkje utstillinga til Runde Miljøsentier i etasje over.

Rolf A.K. overlet så ordet til Nils Roar Hareide som skulle halde foredraget til oss.

Runde Miljøsentier er eit privat selskap/ forskningsstasjon for hav, klima, energi og miljøteknologi med arbeidsoppgåver i lag med Møre og Romsdal Fylkeskommune med fleire.

Dei har 15 personar tilsette med ei omsetning på 11 mill. kroner.

Oss fekk sjå bilder av sildeflåten på 50-talet og sei frå i dag med magesekken full av silderogn.

Forekomstane av sild er like bra i dag som på 50-talet.

Lundefuglen har grunna denne sildeyngelen eit svært godt grunnlag til å kunne overleve ved Runde. Dei kjem flygande inn til reira når sola går ned.

Runde Miljøsentier utfører mellom anna kartlegging av mengde torske-egg (kysttorsk) ved Slinningodden/ Meierikaia i Ålesund, der dei meiner at forkomsten er størst i Norge.

Vi fekk og sjå bilder av Marine grunnkart frå havområda rundt Herøy, Ulstein Hareid med fleire som dei har utarbeidd.

Oppmålingane er utført med eit rutenett på 1x1m.

Saman med overflygning over land med lasar kan desse karta skape eit godt grunnlag for kai og landanlegg.

Glidera (eller torpedoar) vert nytta til å måle straumtilhøve, temperaturar, oksygen m.m.



Bølgekraftbøya vart slept utatt veka før oss kom på besøk.

Nils R.H. kunne og fortelje at problemet med plastrestar i havet hadde pågått lenge og reira i fuglefjellet var «fulle av» plast, tau og garnrestar.

Etter foredraget var det høve til å stille spørsmål til Nils R.H. der mellom anna vandringsmønsteret til torsken vart diskutert, farar knytte til oljeutvinning på Mørrekysten med meir.

Rolf Arne Klungsøyr overrekte eit bilde (skisse av Herøy Gard) til Nils R.H. som takk for foredraget og avslutta møtet med å ynskje oss god tur ut til fuglefjellet eller om oss det ville ein tur opp å sjå på utstillinga der.

## Rotarymøte 15. mai 2017.

Bedriftsbesøk Kleven Verft.

Tore Roppen tok imot oss.

Etter ein kort info i administrasjonsbygget med overrekking av raude roser frå oss i HR (Eileen) iførte vi oss hjelmar/ refleksvestar for oss starta på turen ut i produksjonslokala.

T.R. gjekk så gjennom (med stor iver) produksjonsmetodane dei nyttar for å produsere stålseksjonar (skrog) til dei nye hurtigrutene.

Platene til dekkka (som er 5mm) vert lagt utover sveiseplanet og sveist saman av ein robot. Det å bygge skrogseksjonar med 5mm plate er svært krevande og få til utan at stålet «bular» seg.

Bruken av sveiserobotar tilfører mykje mindre varme en tradisjonell manuell sveising, noko som er heilt nødvendig for å få til det fine resultatet oss kunne sjå på arbeidet som var utført.

Platehallen var delt opp i fleire «soner», i neste område T.R. viste oss vart dekkprofilane monterte

(manuellt) og sveiste av ein stor tre-arma robot.

Skotta med stivera (eller for den «ukyndige», veggane) vart og monterte manuellt på sveiseplanet for vidare og verte sveiste «liggande» av sveiserobot (denne var i bruk under omvisninga).

Skotta vert så røyste opp og montert/ sveist manuellt på dekkflaket, dette arbeidet vil etter kvart verte meir automatisert.

Bruken av robotar til sveising gjer at verftet sparer mykje tid på dette arbeidet. Ein robot legg att berre nødvendig (det som er krav til) a-mål på sveisen. Farta den sveiser med er også mykje høgare enn det ein klarer manuellt. Tilført varmemengde er og mykje mindre slik at ein unngår buleproblem på konstruksjonen.

Verftet nyttar for det meste 5mm tykkelse på plater og profilar i overbygget på hurtigruta, noko som stiller svært store krav til lite tilført varme.

Verftet hadde ferdigprodusert fleire seksjonar som låg klar til montering, men må vente «på tur» til siste Maersk-båten har kome på sjøen.

T.R. uttala, da oss var på vei ut av platehallen, «ta gjerne» bilder her, desse seksjonane er oss nøygde med (lite «buling» på plane flater som er sveiste).

Ute av platehallen fekk oss sjå store stablar med 5mm stålplater som var kjøpte frå Kina.

T.R. kunne fortelje at dei fekk både beste kvaliteten og prisen derifrå.

Utanfor platehallen fekk oss og sjå ei «ramme» (jigg) som kunne dreiest rundt, denne er konstruert på Kleven Verft og vil verte nytta til å snu rundt seksjonane.

På spaserturen tilbake til garderoba gjekk oss longs med beddingen, der neste Maersk-båt i rekka stod oppstilt og snart klar til sjøsetting. T.R. informerte litt om detaljar på båten, mellom anna hangarportar med patent frå Ulmatech på Hareid.

Eileen takka for omvisninga, og T.R. for at oss viste interesse for å sjå på kva dei styrer med.

## **Rotarymøte 22 mai 2017.**

Dugnad på Rotarystien.

Dugnadslaga delvis saga og rydda skog langs med Rotarystien/ Hareidselva, grusa vegen og rensa tverrgrøfter med oppstart i Kaldholen.

Etter ein godt gjennomført dugnad, vart kvelden avslutta med med kaffi og kaker.

## **Rotarymøte 29. mai 2017.**

Programfritt.

Møtet denne kvelden starta med songen "No livnar det i lundar".

Eileen ønskte vel møtt til siste møtet denne månaden, som tradisjonen tru er programfritt og sett av til ein god prat med kaffi og kaker.

Eileen las opp dei som har fødseldag i mai/ juni med tilhøyrande (og tradisjonen tru) applaus.

Presidentskifte vert på møtet 26.juni (pakkhuset i Brandal), påmeldingslister vart sendt rundt.

Før praten vart «slept laus» fortalde Eileen ei historie som bestefaren har skrive ned med tema «Prima Oljelampe».

Eileen avslutta møtet og yngste oss vel heim.